

MASFJORDEN




**PÅ RAUD GRUNN
TRE GULL
HELDRE
I TREPASS**

Våpenet er godkjent ved kronprinsreg. res. 28.9.1990, teikna av Rune Garmann etter ein idé av Jens Fosse. Dei tre heldrane skal symbolisera dei tre delane av kommunen. Ei hold vart mykje nytta i kommunen i eldre tider til å binda saman borer med tau; høyrborer og vedborer. Det er holda som held tauet og knuten på plass. Reiskapen er velkjend over heile landet. I Masfjorden sitt våpen er holda også eit uttrykk for samholdet.

Fram til 1870-talet var Sandnes sokn (seinare MASFJORDEN sokn) ein del av Lindås kommune, prestegjeld og lensmannsdistrikt. Så kom det eigen sokneprest i 1876. Det kommunale sjølvstende kom i 1879 og eigen lensmann året etter. Ved kommune-reguleringa i 1964 vart dei tre gardane Einestrand, Eikebotn og Kikall overførte frå Lindås.

I mellomalderen høyrde mesteparten av Masfjorden til Gulen skipreide. Denne var då ein del av Hordafylket; det gamle Gulatinget låg såleis innanfor fylkesgrensa på 900-talet. På 1600-talet ser vi at størstedelen av Masfjorden framleis høyrde til Gulen skipreide, medan Austfjordgardane høyrde til Eikanger skipreide. Desse vart overførte til Lindås skipreide i 1853, og i 1879 vart altså Masfjorden eigen kommune.

Masfjorden er bygdelaag med gode skogsvidder, og det har vore skipa mykje ved og bygningstømmer utover til kystbygdene. Det var vanleg å skaffa seg ei bygningstømra frå Masfjorden i byte mot fisk. Jørgen Garnaas' sjarmerande vedberar frå 1700-talet uttrykkjer difor eit viktig nærings-samband mellom fjordbygdene og kystbygdene. □



AREAL: 556 km²
FOLKETAL: 1646



På Sandnes ligg to fine samlingar som kulturminne etter eldre næringar; Kvamsdals fargeri og Sandnes not- og sjøbruks-samling.



Den solide steinlòa i Kvingedal er ein klassisk representant for steinbyggings-tradisjonane i Nordhordland. Innanfor gråsteinsmuren finn vi ein trebygning, ei grindbygd lœ.

☪ MASFJORDEN

Matre ligg til grunn for førsteleddet i Masfjorden. Det er sannsynlegvis det gamle namnet på fjorden. Det kan vera ei avleiing til vårt ord mat, i så fall om «fiskerikdom». Namnet kan også setjast i samband med sterk nedbør. Nedbørsrikdomen er karakteristisk både for Matre i Masfjorden og Matre i Kvinnherad. Rambjørg går attende på gno. Rafnabjørg «ramneberget». Hope kjem av gno. hópr «(innestengd) vik». Kringlebotnen har fått namn etter den runde forma. Førsteleddet i Hummelfossen kan anten setjast til insektnamnet humle eller til humul «humulstein, småstein», medan førsteleddet i Molland helst er mold. Andviki ligg det nærast å tolka av and «rett overfor», jf. andlet «ansikt», eigentleg «som ser imot». Førsteleddet i Trodal er tro «uthola trestokk, renne».



Vedberar.
Draktsfigur av Jørgen Garnaas.